



INFORMASJON OM EIGEDOMSSKATT

BØ KOMMUNE

Til deg som eig eigedom i Bø:

Denne informasjonen vert sendt til deg som står registrert som heimelshavar eller rekningsmottakar på eigedom i Bø kommune. I dei tilfella der det er fleire heimelshavarar på ein eigedom, sender vi til den som står først registrert i grunnboka.

Bakgrunn:

Bø kommunestyre vedtok i møte 12.03.2012 sak 017/12 å omtaksere alle eigedomar i kommunen gjeldande frå 01.01.2013.

Eigedomsskatten vil bidra til å oppretthalde tenestenivået i kommunen, bygging av ny sjukeheim og nye omsorgsbustadar.

Eigedomsskatt og skatteberekning:

Det er kommunestyret som skriv ut eigedomsskatt. Eigedomsskatt er den einaste skatten som kommunen sjølv har styring med, og kor skatteinntektene i si heilheit tilfell kommunen.

Eigedommen sin verditakst dannar grunnlaget for skatteberekninga. Taksten skal gjenspeile ein antatt marknadsverdi slik det står i Byskattelovens § 5:

”Ved takseringen ansættes eiendommens takstverdi til det beløp, som eiendommen efter sin beskaffenhet, anvendelighet og beliggenhet antages at kunde avhændes for under sedvanlige omsætningsforhold ved frit salg”

Taksten skattetakstnemnda kjem fram til, vil stå fast i 10 år dersom forholda på eigedomen ikkje endrar seg.

Det er kommunestyret som fastset skattegrunnlaget og skattesats. Kommunen kan etter lova frita spesielle eigedommar for eigedomsskatt og innføre botnfrådrag for bueiningar.

Kommunestyret fastset kvart år i samband med budsjettet kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving for det komande året.

Taksering:

Eigedomsskatten bygger på faktaopplysningar og skjønnsmessige vurderingar.

Faktaopplysningar om eigar, adresse, areal på bygningar og tomter blir henta frå offentlege register. (Hovedkilde: Matrikkelen).

I dei skjønnsmessige vurderingane blir både generelle og spesielle forhold ved eigedommen lagt til grunn.

Nærings eigedommar, samt verk og bruk, blir behandla spesielt.

NB: Den kommunale eigedomsskattetaksten har ingenting med skatteetaten sin likningstakst å gjere.

Synfaring:

Som ein del av grunnlagsarbeidet vil ein for kvar enkelt eigedom foreta ei **utvendig** synfaring. Vi vurderar forhold på og rundt eigedommen som kan virke inn på taksten. **Vi er ikkje avhengig av at du er tilstades under synfaringa.**

Dersom det er konkrete forhold du ønskjer skal vurderast i samband med synfaringa, kan du sende oss skriftleg informasjon om dette. Denne informasjonen blir då ein del av grunnlaget for takseringa. **Dersom du likevel ønskjer å vere tilstades under synfaringa, må du sende oss ei skriftleg melding om dette.** Husk å gje opp telefonnummer. Vi vil kontakte deg for nærare avtale.

I sommar startar vi arbeidet med synfaring av alle eigedommar som skal ha utskriven eigedomsskatt og dette arbeidet vil pågå utover i 2012. I dei fleste tilfella manglar vi korrekt areal på bygningane, og derfor må bygningane målast opp for å få ein korrekt matrikkel. (Matrikkel = kartgrunnlag.) Det vil under synfaringa bli utført ei utvendig oppmåling.

Retningslinjer for taksering:


Som eit hjelpemiddel i synfaringa og den påfølgjande takseringa, vil ein nytte egne reglar som blir fastsett i dokumentet ”Rammer og retningslinjer for taksering” i Bø kommune. Disse blir å finne på kommunen si heimeside.

Kommunestyret valde i møte 18.10.2011 ei sakkunnig takstnemnd og ei sakkunnig ankenemnd. Det er sakkunnig takstnemnd som fastset takst på eigedommane. Taksten nemnda kjem fram til, vil stå fast i 10 år dersom forholda på eigdommen ikkje endrar seg.

Areal på bygningar tek utgangspunkt i bruksareal (BRA) som grovt sett er arealet innanfor ytterveggane på bygninga. Arealet blir målt for kvar etasje i bygninga. Etasjane blir gruppert i kjellaretasje, underetasje, hovudetasje(r) og loftsetasje. Denne grupperinga er den same som matrikkelen brukar.

Kva skal takserast?

- Bygd og ubygd tomt
- Bustad
- Våningshus på gard
- Garasje
- Hytte / fritidsbustad
- Næringsbygg
- Andre bygningar



Du vil få tilsendt detaljert informasjon om takstgrunnlaget for din eigedom og kan da komme med innspel til korrigeringar.

Landbrukseigedom:

Eigedom som blir driven som gardsbruk eller skogbruk har obligatoriske fritak for eigedomsskatt,- då med unntak av bustadbygg, garasje, fritidsbygg og næringsbygg for anna føremål.

Offentleg ettersyn:

Takst og utrekna eigedomsskatt blir lagt ut til offentlig ettersyn **våren 2013**. Du vil då få tilsendt informasjon om taksten på eigdommen din og eigedomsskatten du skal betale, samt informasjon om takseringsgrunnlaget.

Du vil samtidig få ei orientering om dine rettar til å klage på takst / skatt.

Kontaktinformasjon:

Dersom du har spørsmål, kan du kontakte oss på telefonnummer: 35 05 91 60

e-postadresse: eigedomsskatt@bo.kommune.no

Brev sender du til: Bø kommune, Gullbringvegen 20, 3800 Bø i Telemark

Når du kontaktar oss: Hugs å oppgje: Namn på eigdommen(gnr/bnr/fnr/snr) evt. adresse, namn på eigar/eigarrepresentant, telefonnummer eller e-post kvar du kan treffast på dagtid og kveldstid.

Meir informasjon finn du på www.bo.kommune.no